

Formål og retningslinjer for bruk av Fritid Hallingdal

www.fritidhallingdal.no

Bakgrunn

Det har lenge vore eit ønske om å få til ein felles oversikt over fritidstilbod i Hallingdal. Det er etterspurt både frå frivilligheita, fra innbyggjarane generelt og nyttilflette spesielt, frå frisklivssentralene i Hallingdal og folkehelsegruppa i Hallingdal. Fritid Hallingdal består av ein plugin (Aktiviteter123) som er utvikla av Modum, Krødsherad og Sigdal kommune, i nært samarbeid med brukarrepresentantar og er utprøvd i fleire kommuner i landet. Nettsida www.fritidhallingdal.no skal fungere som ein interkommunal aktivitetsoversikt der ein kan sortere på aktivitetstype, aldersgruppe, pris og tilrettelegging i dei ulike kommunene. Avstandane er ikkje så store og derfor er det ønskeleg å samle alle kommunene i ein felles portal.

Hensikt

- Sikre god og oppdatert informasjon om faste, opne, organiserte fritidstilbod i Hallingdalskommunene Gol, Hemsedal, Hol, Nesbyen og Ål på pc, nettbrett og mobil.
- Informasjon om aktiviteten skal seie noko om aktivitetstype, målgruppe, ferdigheitsnivå, innhald, tid og stad, tilrettelegging, kostnadar, naudsynt utstyr, kontaktinfo og arrangør.
- Lag, organisasjonar, stiftingar og verksemder vert oppmoda til å sjølv legge inn informasjon om sine fritidstilbod. Dei vil få oppretta ein brukar slik at dei kan logge inn og endre aktivitetane dei er kontaktperson for. Kontaktpersoner vil automatisk motta ein e-post årleg med oppmoding om å gjennomgå sine registrerte aktivitetar.
- Nettsida kan lenke til andre relevante nettstader og samarbeidspartnarar, t.d. Frivilligsentral, utlåssentral, «Kva skjer»-kalender, Frisklivssentral, Pindena kursportal osv.
- Publisere info/nyheiter som er relevante for heile målgruppa.
- Nettsida har google-oversettar funksjon til eit stort utval av språk.

Målgruppe

Målgruppa er menneske i alle aldrar busett i Hallingdal. Dei skal lett kunne finne oversikt over fritidsaktivitetar ut frå alder, bustad og interesse.

Rammer

- Tilgang til å administrere Fritid Hallingdal krev opplæring. Hovudadministratorar får opplæring frå Ål kommune og har sjølv ansvar for å lære opp ytterligare personell som skal ha tilgang til systemet.
- Ingen aktivitetar eller anna innhald publiserast utan at det er gjennomgått av ein administrator.
- Kvar kommune kan sjølv registrere og gi tilgang til administratorar. Det er ønskeleg med 2 administratorar per kommune, maks 3.
- Brukarar skal verte sletta når dei ikkje lenger skal ha tilgang til systemet, dette er administrator i brukarens kommune sitt ansvar.
- Det er avtalt bruk av logo og grafisk profil for Hallingdal.

Avgrensning

- Ingen betalingsløsning i systemet.
- Det er lagt inn moglegheit for maks 10 sider i menyen.
- Fritid Hallingdal skal ikkje vere ein portal for arrangement. Her blir det vist til Regionrådet si side «Kva Skjer i Hallingdal».
- Fritid Hallingdal skal ikkje vere ein portal for helserelaterte kurs og meistringstilbod i offentleg regi. Her blir det vist til «Pindena» som vert administrert av Hallinghelse.
- Fritid Hallingdal skal brukast av lag og organisasjonar, stiftingar og institusjonar som arrangerer faste, opne, organiserte fritidstilbod over tid, og skal ikkje brukast til eingongstilbod eller aktivitetar som ikkje er opne for alle.
- Aktivitetar eller artiklar med rasistisk, diskriminerande, trakasserande eller nedlatande innhald vert ikkje akseptert eller publisert. Vis nettvett.